



Til høyringsmottakar

Vår ref:
20/48-233

Saksbehandlar:
Mona Slaaen, 40871029
skokms@mt.kommune.no

Arkivkode:
PLANID-2020001, PLANNAVN-
Kommuneplanens arealdel for
Midt-Telemark kommune
2021-2033, PLANTYPE-20, FE-
140

Dykkar ref:

Dato:
01.03.2021

Høyring og offentleg ettersyn av forslag til arealdel av kommuneplan for Midt-Telemark 2021-33

Arealdelen av kommuneplanen viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Planen viser hovudtrekk i arealdisponering og gir rammer for kva tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk og kva omsyn som må ivaretakast ved disponering av areala.

Midt-Telemark kommune har utarbeida forslag til ny arealdel av kommuneplanen for Midt-Telemark 2021-23 som vil erstatte gjeldande arealdelar for Sauherad og Bø. Planen følger opp langsiktige mål og arealstrategiar i [samfunnsdelen av kommuneplanen](#) og er i hovudsak utarbeidd i tråd med [planprogram](#) vedtatt av kommunestyret 3.2.20. Planforslaget avviker frå planprogrammet når det gjeld kommunedelplan for Lifjell, som var planlagt innlemma i ny arealdel. Dette er ikkje gjort, og kommunedelplan for Lifjell vil difor gjelde også etter at ny arealdel er vedtatt, sjølv om enkelte føresegner i arealdelen vil overstyre kommunedelplanen.

Planforslaget sendast no på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn i tråd med vedtak i formannskapet 17.02.2021 - [sak 15/21](#). Planen legg til rette for bustadbygging på Bergenåsen (B24). Ved behandling av planforslaget, signaliserte formannskapet at det skal opprettast dialog med tiltakshavar. Dersom det ikkje er sannsynleggjort ein realistisk veg vidare, så er det aktuelt å gjere området om til LNF-formål ved endelig godkjenning av planen.

Midt-Telemark kommune inviterer til høyringsmøte i Gullbring kulturanlegg onsdag 24.03.2021 klokka 19.00. Meir informasjon kjem på heimesida til kommunen. Etter høyringsperioden vil kommunedirektøren legge fram eventuelle forslag til endringar av planen på bakgrunn av høyringsinnspel for formannskapet før endeleg godkjenning i kommunestyret.

Planforslaget omfattar plankart, temakart, utdjupande føresegner og planomtale med konsekvensutgreiing. Planomtala forklarar og oppsummerer planforslaget. Alle dokumenta er å finne på www.midt-telemark.kommune.no under «Kunngjeringar». Komplette planforslag i papirversjon er å finne på kommunehuset, biblioteket i Bø og på Frivillighetssentralen på Gvarv.

Dette brevet går til offentlege etatar, nabokommunar, lag og organisasjonar og alle som har hatt innspel til planarbeidet. Så langt ein har oversikt, går brevet også til alle grunneigarar av areal som har fått eit anna formål enn i gjeldande planar. Spørsmål til planforslaget kan rettast til Signe Vinje (Sweco), telefon 99 29 47 70, eller Alexander Stettin (Sweco), telefon 41 69 02 12.





Frist for å kome med merknader til planforslaget er 19.04.2021. Merknader sendast post@mt.kommune.no og merkast «Kommuneplanens arealdel» eller Midt-Telemark kommune, Pb 83, 3833 Bø.

Med helsing

Mona Slaaen
ass. kommunedirektør/kommunalsjef

Dokumentet er elektronisk godkjend og har derfor ingen signatur

